

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

|                                    |           |              |
|------------------------------------|-----------|--------------|
| Emnenr.                            | Fylke:    | Oppland.     |
| Tilleggsspørsmål nr. 6             | Herad:    | Etnedal.     |
| Emne: Folkelege musikkinstrument   | Bygdelag: | Heile bygdi. |
| Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein | Gard:     |              |
| (adresse): Brufat                  | G.nr.     | Br.nr.       |

- A. ~~Merkavvom~~ oppskrifta er etter eiga røynsle i samråd med kjøpmann Ø Lundstein, Brufat, 83 år.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):



## SVAR

1  
 Her seier me ikkje lur, men lu. Lu rulla saman av bork veit me ikkje av, heller ikkje luar med noko lydskapande utstyr ved mundingsenden. Men bukkehorn med slikt utstyr har me sett, ei tynn hornfjerre, fastveira ved munnin gen av hornet me dein tråd. Ein mykje sterk lyd kunne ein då få fram. Sjå teikniggi.

2  
 Orda halme og hårpipe kjenner me ikkje til her. Men halmon brukte dei mykje i gamal tid som navn på eit vanleg signalhorn av messing. Det er no 60-70 år sidan me sist höyrde navnet halmon brukt.

3  
 Andre slags rangler/enn dei som har vore brukt som leikor åt born, kjenner me ikkje til. För laga øi vist slike leikor sjölv. No er det meng øvis slikt i butikkane. Her kallar dei slikt enten rangle eller skrangle.

4  
 Som ungdomsmoro har det vore mykje i bruk å få fram smell og skrell på ymse vis, t.d. å sputte på peishella, legge på ei glomed varme i, og so slå med ei øks eller hammer. Det kunne smelle som eit lite børseskot. Dette kallast å sla kolskrell. Å smelle blomen av smellegras mot handbaken har smagutane drive mykje med. Blomen av klokkegras (campanula) brukte dei stundom. Nar guten hadde tömt kake-

eller sukkertøyposen, var det vanleg å blåse den opp med luft  
og slå den mot ein vegg el. likn. for å få fram ein bra skrell.

Blant skyssgutar og köytekara~~d~~ var det før ein heil sport å  
.fæ til ein flott svepesmell. Men det var ikkje bratt alle som  
fekk han til. Dette hoyrer fortia til. No ser ein aldri ei svepe.  
Ved bryllup vart øt ofte skote, stundom med børse, men helst  
med laust krut, seinare med dynamitt. Det skulde vera til luk-  
ke for brureparet. Pinskvelden vart det skote pinsskot på sa-  
me måte. Det brukast her den dag i dag. Det er vel for å halde  
liv i den gamle skikken, er det von.

5

Serlege lyder eiler ulyder til adrive bort vonde ander eller  
som hjelp mot sjukdom og ulukkor, kjenner me ikkje til. Det måtte  
om så er, vera kyrkjeklokka, som dei ringde med, når ein var  
bergteken. Den hadde i slike høve ofte vore til hjelp, meinte  
mange. Til å drive bort fuglar or åkeren, fuglar og andre  
udy r/or hagane, brukte dei ofte noko dei kalla kräkesmelle.

Ei kräkesmelle kunne kven som helst gjera. Det var ein valse,  
som vart sveiva rundt med ei sveiv, og som var slik laga at  
han fekk to tynne rt trespildror til slå mot kvårandre.

Kräkesmella brukte dei også til å skremme bort hestar og andre  
dyr, som gav seg til omkring stôlhusi.